

STYRESAK 003/22 Administrerende direktør si orientering pkt. 1
OVERSIKT OVER TILSYNSSAKER I HELSE VEST¹:
OVERSIKT OVER STATUS I TILSYNSSAKER SOM ER GJENNOMFØRTE,
ELLER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.

Nytt sidan førre rapportering: Fem nye tilsyn sidan førre rapportering. To tilsyn er lukka.

Tilsynssaker under arbeid:

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA
Statsforvaltaren i Vestland	Helse Førde HF	Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med Helse Førde HF, seksjon Habilitering for barn og unge den 14. og 15.12.2021. Dei undersøkte om helseføretaket sørgjer for at barn og unge under 18 år som vert tilviste med spørsmål om utviklingshemming og om vurdering av bruk av tvang vert følgde opp i samsvar med aktuelle lovkrav slik at tenestemottakarane får trygge og gode tenester.	Statsforvaltaren peiker på følgjande: Helse Førde har ikkje sørgt for at seksjon Habilitering for barn og unge har tilgang på faglege ressursar og kompetanse som trengst i samband med utgreiing av utviklingshemming og tverrfagleg oppfølging av barna. Dette er brot på: Specialisthelsetenestelova § 2-2, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring §§ 6-9. Dette medfører forseinka utgreiing og diagnostisering av barn som vert tilviste med spørsmål om utviklingshemming. Det har òg konsekvensar for tverrfagleg samarbeid og oppfølging av barna. Full tilsynsrapport ligg her .	Helse Førde jobbar med å svare ut pålegga.
Arbeidstilsynet	Helse Stavanger HF	Tilsyn med prosjektering av universell utforming (UU) i følgjande områder; - Hovudinngang og publikumsareal bygg A - Kommunikasjonsveier til andre bygg frå bygg A	Følgjande avvik og observasjonar blei registrert og besvart ut: 1. Nordic sin overordna rutine for prosjektering av UU 2. Ferdigutfylt og kvittert sjekklister 3. I situasjonen der Nordic har vurdert at medisinerom etter sin funksjon ikkje er egna, skal det føreligge	Helse Stavanger HF jobbar med å svare ut avvika.

¹ Rapporten omhandlar berre dei mest alvorlege sakene der avvika fører til direkte fare for liv og helse. Andre tilsyn (og avvik av ulik grad) er ikkje inkludert her.

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA
		<ul style="list-style-type: none"> - Garderobefasilitetar - Trapper - HC-toalett 	<p>dokumentasjon som beskriv kvifor og konsekvensane dette har for UU</p> <ol style="list-style-type: none"> 4. Resultat av berekningar av luminanskontrast for handløpar, HC toalett, søyler og andre relevante forhold 5. Dokumentasjon på sikring av samanstyrt med glas og søyler 6. Skilting til hovudinngang bygg A oppfattast å ha skjult merking når man kommer frå parkeringshus. Utgreiing må sendes inn. 7. TEK17 stiller krav om minimum 10 % tilgjengelegheit for garderobe, toalett og dusj. Føretaket må dokumentere korleis dette er ivarettatt. 8. Gjere greie for dobbeltdør- element som ikkje har kontrakt i veggfelt mellom dørene. 	
Statsforvaltaren i Vestland	Helse Bergen HF	Tilsyn med Klinikk psykisk helsevern for barn og unge om oppstartsfasane i pasientforløpa har god framdrift, kontinuitet og kvalitet	<p>For poliklinikkane samla sett er følgjande forbetningspunkt identifisert:</p> <p>Sjekkpunkt 4: Om det er gjort ei tverrfagleg og systematisk utgreiing med konklusjon og registrering på alle aksar.</p> <p>Sjekkpunkt 5: Om prosessen med utgreiing og diagnostisering er styrt og planlagt slik at dette ikkje dreg ut i tid på grunn av mangelfull planlegging, kapasitet og kompetanse.</p> <p>Sjekkpunkt 6: Kartlegging av sjølvmondsproblematikk</p> <p>Sjekkpunkt 7: Kartlegging av rusproblematikk hos barn og unge frå 10-12 års alder.</p>	Helse Bergen jobber med å lukke avvika.
Statens legemiddelverk	Helse Fonna HF	<p>Tilsyn med blodbanken i føretaket.</p> <p>Legemiddelverket nyttar tre kategoriar av avvik; kritiske (K), store (S) og andre avvik (A).</p>	<p>Det vart avdekka tre avvik under tilsynet – eitt avvik i kategorien S og to i kategorien A:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. «Kontroll av blodgivers egnethet er mangelfull (S) 2. Dokumentasjon av medarbeidernes kompetanse er stedvis mangelfull (A) 3. Kvalitetssystemet har enkelte mangler og er tidvis mangelfullt vedlikeholdt og implementert (A).» 	Helse Fonna jobbar med å lukke avvika.

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA
	Helse Førde HF	Tilsyn med blodbanken i foretaket.	Tilsynet avdekket fire avvik, tre i kategorien A og ett i kategorien S: 1. «Kvalitetssystemet har enkelte mangler og er tidvis mangelfullt vedlikeholdt og implementert. [A] 2. Dokumentasjon av medarbeidernes kompetanse er stedvis mangelfull. [A] 3. Dokumentasjon av periodisk vedlikehold av utstyr er stedvis mangelfull. [A] 4. Oppbevaring av blodgiveropplysninger er ikke tilfredsstillende med tanke på konfidensialitet. [S]»	Helse Førde jobbar med å lukke avvik.
Statsforvaltaren i Vestland	Helse Bergen HF	Tilsyn med Kreftavdelingen med tema handtering av cytostatika. Saka spring ut av eit hendingstilsyn.	Konklusjon: Helse Bergen HF har ikkje gitt forsvarleg helsehjelp ved behandling med cytostatika.	Gjennomgangen av hendinga og dei beskrivne risikoreduserande tiltaka er i samsvar med krava til læring frå uønskete hendingar jf. forskrift om leiing og kvalitetsforbetring. Tilsynet blei på denne bakgrunn avslutta 05.01.2022.
Arbeidstilsynet	Helse Stavanger HF	Tilsyn med Nye SUS i høve til byggherrens pliktar og krav i byggherreforskrifta på Nye Stavanger sjukehus.	Arbeidstilsynet peika på forhold som ikkje var i samsvar med regelverket, og Helse Stavanger må svare ut med - Oppdatert plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø. - Oppdatert prosedyre/rutine for korleis bestillar av oppdrag føljar opp påse-plikta i prosjektet. - Signert avtale med pliktar og fullmakter for alle koordinatorer for utførelsesfasen og koordinatorar i prosjekteringsfasen på prosjektet. - Dokumentasjon på koordinatorer for utførelsesfasen og prosjekteringsfasen, og dei vurderingar som er gjort for å påse at oppgåver som koordinatorer for prosjekteringsfasen og utførelsesfasen ikkje kjem i konflikt med andre pliktar vedkommande har.	Nye SUS har svart ut pålegga og saka blei lukka 01.12.2022.

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA
Arbeidstilsynet	Helse Fonna HF	Tilsyn med Haugaland DPS. Tilsynet blei satt i verk etter ei uønskt hending i samanheng med eit ambulant oppdrag, der ein medarbeidar blei utsatt for overgrep. Arbeidstilsynet valde deretter å undersøkje <i>«organisatoriske forhold som kan påvirke risikoen for at ansatte kan bli utsatt for vold eller trusler».</i>	<p>Tilsynet har resultert i fire pålegg :</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bedriftshelseteeneste - plan for bistand: Haugaland DPS, avdeling Karmøy har ikkje egen samarbeidsplan med bedriftshelsetenesta. - Pålegg - Vold, trusler om vold og uheldige belastninger - kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan: Det er ikkje gjort ein grundig nok kartlegging og risikovurdering. - Pålegg - Vold og trussel om vold – opplæring: Sprik mellom rutinar og praksis. Pålegg om å sette i verk opplæring. - Pålegg - Vold og trussel om vold – informasjon: Arbeidsgivar har ikkje sørga for at medarbeidarane får tilstrekkeleg informasjon om nye pasientar. 	Helse Fonna jobbar med å svare ut pålegga.
Statens helsetilsyn	Dei regionale helse- føretaka	Tilsyn med ambulanseflytenesta - Undersøking av om befolkninga i Nord-Noreg får forsvarlege ambulanseflyteenester	<p>Helsetilsynet sin konklusjon:</p> <p>«Pasienter med behov for øyeblikkelig hjelp har fått forsinket transport til forsvarlig behandlingssted, og faktorer innenfor tjenestens kontroll har bidratt til forsinkelsene. De regionale helseforetakene har dermed ikke sørget for at pasienter i Nord-Norge med behov for øyeblikkelig hjelp tilbys forsvarlige og koordinerte ambulanseflytjenester.</p> <p>Tilsynet har videre avdekket at de regionale helseforetakene ikke har oppfylt sitt ansvar for tilrettelegging og styring av ambulanseflytjenestens aktiviteter. Svikten gjelder plikten til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere ambulanseflytjenesten. Det foreligger etter dette brudd på spesialisthelsetjenesteloven §§ 2-1 a, 2-1 e, 2-2, 3-1 og 3-4 a, jf. helseforetaksloven § 2a, akuttmedisinforskriften §§ 1, 4 og 10 og forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten §§ 6-9.</p> <p>De regionale helseforetakene har ansvar for at luftambulansetjenesten forvaltes som en nasjonal tjeneste og at ambulansetjenestene i nødvendig grad er samordnet nasjonalt. Lovbruddet omfatter derfor alle de regionale</p>	Helse Nord RHF er ansvarleg for å følgje opp tilsynet vidare. Dei andre RHF-a deltek i faste oppfølgingsmøter med Helsetilsynet.

MYNDIGHETSORGAN (KVEN SOM UTFØRER TILSYNET)	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	STATUS I SAKA OG NÅR AVVIK ER FORVENTA LUKKA
			<p>helseforetakene, selv om dette tilsynet spesifikt har undersøkt ambulanseflytjenestene som ytes i Nord Norge.»</p> <p>For meir informasjon om tilsynet, sjå tilsynsrapport og nyheitssak ifrå Helsetilsynet.</p>	
<p>Statens helsetilsyn/ Statsforvalteren i Vestland</p> <p><i>* Landsomfattende tilsyn (dei andre tilsyna i Helse Vest er lukka).</i></p>	<p>Helse Førde HF</p>	<p>Fylkesmannen i Vestland har hatt tilsyn med Førde sentralsjukehus i høve til utlokaliserte pasientar.</p>	<p>Fylkesmannen sin konklusjon: «Helse Førde sørger ikkje for at iverksette tiltak for å redusere risiko for svikt ved utlokalisering av pasientar blir regelmessig evaluert og korrigert når det er naudsynt».</p> <p>Dette er brot på: Lov om spesialisthelsetjenester m.m. § 3-4 a, jf. forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten §§ 6 til 9.</p>	<p>Helse Førde har satt i verk tiltak for å korrigere avvika. Helsetilsynet ønskjer at føretaket skal følge opp tiltaka vidare og bekrefte at desse fører til varige forbetringar. Helse Førde skal rapportere til Helsetilsynet innan 31.01.2022.</p>